

KOMM. OG REG. DEP

22 FEB 2005

05/3280-307

Ark. 661.0

Avd. KO/KØ/HGR

Arbeiderpartiet



SOGNDAL ARBEIDERPARTI  
6856 Sogndal

Telefon: 576 72 828

E-post: amari-ni@frisurf.no

Til  
Statsminister Jens Stoltenberg  
Statsråd Aslaug Haga  
Statsråd Liv Signe Navarsete  
Statsråd Heidi Grande Røys  
Stortingsrepresentant Ingrid Heggø  
Stortingsrepresentant Reidar Sandal  
AP's Stortingsgruppe  
Sogn og Fjordane Arbeidarparti  
Sogndal Kommune  
NRK – Sogn og fjordane  
Firda  
Sogn Avis

Vår dato:

Referanse:

Sogndal, 14. februar 2006

→ Kommun  
samordning av svar og  
utkast til  
svaret 24/2-06 AA

## INNTektSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Sogndal Arbeidarparti meiner det er trong for å gå gjennom inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. Med bakgrunn i Soria Moria erklæringa så skal inntektene til kommunane trappast opp og distrikta skal styrkast. I tillegg er det eit understreka mål å satse på kunnskapsopplæringa for all ungdom.

Sogndal kommune er vertskommune for ein Høgskule som rekrutterar studentar frå heile landet. I tillegg gjev kommunen eit utstrakt tenestetilbod til nabokommunane bl.a. innan handel og kultur. Kommunen husar som sagt det største utdannings og forskingsmiljøet i fylket. Kommunen har nær 7000 innbyggjarar og husar i ca. 2000 studentar frå Høgskulen, samt om lag 750 elevar fordelt på 650 ved Sogndal vidaregåande skule og 100 ved Sogndal folkehøgskule. Dei aller fleste er hybelbuande i kommunen.

Dette bidreg positivt i form av høg aktivitet og eit dynamisk folkeliv. Likevel vil vår vertsrolle utfordra økonomien til kommunen. I forslag til nytt inntektssystem vert det **ikkje** teke høgde for kommunar med slike utfordringar. Dette medfører auka press på fleire kommunale tjenester som helse, fritids- og kulturaktivitetar.

Sogndal Arbeidarparti kan ikkje sjå at forslaget i Inntektsutvalet si utgreiing – NOU 2005:18 tek høgde for å kompensere for desse ekstra utgiftene som regionkommunar/regionsenter har. Desse kommunane tek på seg eit viktig samfunnsansvar med å gje helse, fritids- og kulturtilbod for studerande ungdom.

Sogndal Arbeidarparti oppfordrar difor Regjeringa Stoltenberg å rette dette opp i forslaget til innstilling som skal sendast til Stortinget til avgjerd. Kommunar som ivaretek desse viktige funksjonane i distrikta **skal** kompensrast i inntektssystemet.

Vedteke på årsmøte i Sogndal Arbeidarparti 27.januar 2006.

Med helsing  
Sogndal Arbeidarparti  
Astrid Marie Nistad /s  
-leiar-

Kjetil Kvåle  
- sekretær -